

8 uskedelingar i fjelltrim

25.11.2014

Av dei 64 som har vore med i Kvinnherad Fjelltrim dette året er desse 8 frå Uskedalen: Arne Hauge, Marit Hauge, Steinar Kroka, Ingrid Kroka, Brit Hallaråker, Nelly Kjærland, Nils Raudstein og Vigdis Jensen. Dette er turlagets fjelltrim som omfattar 16 turmål fordelt på 8 område i kommunen. I Uskedalen er Nåso og Geitadalstind blant turmåla.

13 har vore på Nåso og 9 på Geitadalstind. For å klara kravet til fullført trim må ein registrera seg på minst 5 turmål i 3 ulike område. 5 personar har gått alle dei 16 turane. Flest har gått til Skålafjell - der har 58 vore. Premieutdelinga går føre seg i kulturskulen imorgon.

Deltakinga har vore relativt låg dette året og det plar også å vera med fleire frå Uskedalen, som har toppa statistikken fleire år tidlegare.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen